



Astrid Ingjerd Holmås
Majorstuveien 15 A
0367 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/859 - 16/27477

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.12.2016

Varsel om at kommunen vurderer å vedta at utslepp frå eigedomen er ulovleg - gbnr 100/3 Fjellsende

Lindås kommune varslar med dette at vi vurderer å vedta at avlaupsanlegget frå bustaden på gbnr 100/3 ikkje lenger er lovleg og at de må søkja om nytt utsleppsløyve , jf forskrift om begrensing av forurensing § 12-16.

Dersom kommunen ikkje har mottatt søknad om utsleppsløyve innan 15.03.2017, kan kommunen pålegga at de iverkset tiltak innan ein nærare frist, jf forureiningslova § 7 fjerde ledd.

Inntil nytt anlegg er etablert må det gjerast tiltak for å hindra forureining frå eksisterande avlaupsanlegg. Dette kan t.d. vera å installera ein tett tank som avlaupet frå eigedomen mellombels vert ført til. Det må gjerast nærare greie for dette i samband med innsending av søknad.

Grunngjeving

Kommunen viser til skriv datert 30.05.2016 som gjeld manglande avløpsrør frå slamavskiljaren på eigedomen og der vi ber om informasjon om avlaupsanlegget på eigedomen. Vi har mottatt tilbakemelding frå Signe Holmås, jf telefonsamtale 07.06.2016, der det vart opplyst at eigedomen har eit eldre avlaupsanlegg der utsleppet frå slamavskiljaren truleg går direkte til terreng.

Kommunen har ingen opplysningar om avlaupsanlegget på eigedomen ut over dei registreringane som ligg i slamregisteret. Med bakgrunn i rapportering etter gjennomført slamtømming og munnleg tilbakemelding frå Signe Holmås, legg kommunen legg til grunn at avlaupsanlegget på eigedomen er etablert før det vart innført søknadsplikt og at avlaupsanlegget består av eldre slamavskiljar av betong der avlaupet vert ført til terreng.

Ved sist gjennomført slamtømming er det registrert at utløpsrøret frå slamavskiljaren manglar og at utløpspunktet ligg over terreng. Avlaupsanlegget er ikkje i tilfredsstillande stand og stettar heller ikkje gjeldande krav til utslepp. Slik anlegget framstår i dag er det fare for forureining.

Forurensningsforskrifta § 12-16 gir kommunen høve til å bestemma at utslepp som ikkje trong løyve den gang dei vart etablert, ikkje lenger er lovlege.



Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørga for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørga for å stansa, fjerna eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Kva må du gjera

For å få eit lovleg utslepp må du søkja om nytt utsleppsløyve. Du må få løyve frå kommunen før du kan begynna med utbetringane. Du bør ta kontakt med eit godkjend rørleggarføretak som kan førebu og senda inn søknad for deg.

Frist for uttale

Dette brevet er ikkje eit vedtak, men eit varsel om at kommunen vil fatta vedtak i saka, dersom de ikkje sender oss nye opplysninger som tilseier eit anna utfall i saka. Forvaltningslova har bestemmelser som sier at kommunen skal senda slikt førehandsvarsel.

Hvis du meiner opplysningene våre er uriktige, eller at det er andre forhold som gjer at du ikkje er einig i at utsleppet ikkje lenger er lovlig, ber vi om at du tar kontakt så snart som mogleg og seinast innan 04.01.2017. Dersom kommunen ikkje mottar nye opplysninger i saken vil du motta vedtak om oppheving av utsleppsløyvet som skildra over.

De har rett til å uttala dykk før kommunen gjer vedtak som nemnd over, jamfør forvaltningslova § 16. Eventuelle merknader sender de til:

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Eller nyttar e-post til postmottak@lindas.kommune.no.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Astrid Ingjerd Holmås, Kari Anna Holmås	Majorstuveien 15 A	0367	OSLO
Kari Anna Holmås	Steinhausgane 31	5541	KOLNES